



5 av dei 6 styremedlemmene foran tomte der det er stillstand. Frå venstre står Kjell Ottar Bauge, Inger Elisabeth Naterstad, Hans J. Berge, Åsmund Kåre Rørvik og Knut Prestnes. Lovise H. Sunde er på ferie.

Det er ikkje skjedd noko i KV-saka i sommar. Til dømes har det ikkje vore nokon ny kontakt mellom leiinga i kommunen og leiinga for den kommuneieigde bedrifta i Uskedalen. Det konstaterte KV-styret då det hadde saka på dagsorden i dag. Det vart før ferien varsla at saka ville verta handsama i formannskapet 22. august, men styreleiar Hans J. Berge seier til uskedalen.no at dette no kan vera uvisst ettersom KV har fremja klage på tildelingen av kontrakta til Trygge Bustader i Rosendal om utleige av 12 omsorgsbustader.. Det har ført til full stans i storprosjektet midt i Uskedalen og saka kan enda i retten.

Kommuneleiinga har hevda at det nye selskapet Trygge Bustadar har det beste tilbodet både med omsyn til pris og plassering, medan KV hevdar at det manglar ein omfattande dokumentasjon og at det er hoppa bukk over reglementet.

Styret for KV (tidlegare AFA) held ellers fram uendra. Berge er attvald som leiar og Lovise H. Sunde som styremedlem og dei som sit att i styret er Knut Prestnes, Kjell Ottar Bauge, Åsmund Kåre Rørvik og Inger Elisabeth Naterstad.

Under styremøtet idag la dagleg leiar Tor Vidar Sæle fram ein svært positiv oversikt over frammøtet i staben i fyrste del av 2013. Frammøtet har vore svært bra. Fråversprosenten på KV er stabil på eit svært lågt nivå, nemlig 1,4 prosent til no i år og leiinga voner at denne trenden held fram i andre halvår. Det låge fråveret fører til at arbeidstakarane har eit stabilt personale å forhalda seg til kvar dag, påpeikar Sæle.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Kva skal skje på denne sentrale tomta? Det er det ingen som veit i dag